

Kringkastingsprisen 2019  
til Ronny Brede Aase!

SIDE 6

**KRYSSORD!**

SIDE 19

# KRINGGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN

NUMMER 1/2020

**25.2 %  
nynorsk!**

SIDE 10

## INNHALD

# KRINGOM

**MEDLEMSBLAD  
FOR KRINGKASTINGS-  
RINGEN**

**BLADSTYRAR**  
Kjartan Helleve

**TRYKK**  
Mercur Grafisk AS

**OPPLAG**  
900

## KONTAKT

[post@kringkastingsringen.no](mailto:post@kringkastingsringen.no)

Kringkastingsringen  
Pb. 9161 Grønland  
0134 Oslo

23 00 29 50

[www.kringkastingsringen.no](http://www.kringkastingsringen.no)

## MEDLEMSKAP

Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

**BLI MED!**



## INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Ronny Brede Aase
- 10 25,2 % nynorsk!
- 12 Vaktskifte
- 14 Lagsnytt
- 17 Reprise: Taremareby
- 19 Kryssord!

  
KRING-  
KASTINGS-  
RINGEN

**KATHRINE NYGÅRD**

kathrinekantanygaard@gmail.com

## Framleis lite nynorsk på nett

**ENDELEG!** Femti år etter at Stortinget først Proposisjonspreik og tiltaksmangel

I mai la regjeringa fram eit framlegg til ny språklov. Innhaldet var stort sett som venta, og reaksjonane frå målrørsla har vore delte. For Kringkastingsringen er det viktig at lova skal «fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for» som det heiter i paragraf 1. Dette gjev eit viktig premiss for arbeidet vårt om å få eit godt og mangfaldig språk i media.

Språklova vart lagt fram som ein del av ein proposisjon til Stortinget. Regjeringa hevdar at proposisjonen skal legge grunnlaget for ein offensiv språkpolitikk. Om vi ser på tiltaka dei ser føre seg på mediefeltet, blir dette ei sanning med modifikasjonar. Det einaste konkrete tiltaket er ein idé om at utanlandske strøymeselskap finansierer norskspråklege produksjonar for å kunne operere i Noreg. Fint det, men det er for skralt.

Ikkje er det spesielt offensivt heller. Eit anna forslag er at Netflix, HBO og Disney+ må betale ei avgift som gir inntekter til dei vanlege norske støtteordningane. Slik kunne vi ha sikra mangfaldet i norsk fjernsyns- og film drama. No ligg det meir an til at selskapa sjølve skal kunne avgjere kva produksjonar dei vil støtte, og då er det ikkje gitt at det norske språk mangfaldet vil vinne fram.

Kringkastingsringen skulle gjerne også sett at til dømes undertekstar på nynorsk vart eit tema for dei internasjonale strøymetenestene, men det nemner ikkje proposisjonen i det heile tatt.

Om lag samstundes med denne proposisjonen la

TV 2 fram rekneskapan for første året som allmennkringkastar. I avtalen med staten står det at dei skal bruke både bokmål og nynorsk, men ingenting om kor mykje. Rapporten slår derfor lett fast at ja, dei har brukt både bokmål og nynorsk i 2019. Dette var ein avtale den sitjande regjeringa skreiv under på, og ein avtale som gir TV 2 125 millionar i året.

I språkmeldinga Mål og mening i 2008 var eit av tiltaka: «Prioriterte språkpolitiske omsyn om styrking av norsk språk generelt og nynorsk spesielt skal tilleggjast stor vekt ved forvaltning og utforming av rammevilkåra for norske allmennkringkastingskanalar generelt (...)» Trass i ei så konkret formulering, signerer altså regjeringa ein avtale med TV 2 som gjer at dei slepp unna med å la Eli Kari Gjengedal melde vêret på dialekt.

Det er ikkje uvanleg at det er langt frå gode intensjonar til konkrete tiltak. Men når det er vanskeleg å få auge på dei gode intensjonane i utgangspunktet, då blir det vanskeleg å bli så veldig begeistra.



## Felles nettside for NRK Vestland vekker frustrasjon

NRK Vestland må tola hard kritikk etter at nettsidene til NRK Hordaland og NRK Sogn og Fjordane blei slegne saman.

På eigne nettsider fortel NRK Vestland at omlegginga som tok til å gjelda frå 1. januar, har skapt eit stort engasjement, og at dei fleste reaksjonane er negative. Mange fortel at dei saknar lokale nyheiter frå det opphavlege fylket sitt.

– Når eg går inn på nettsida så finn eg knapt att nyhende frå mitt gamle fylke. Det verkar som om dei druknar i nyheiter frå Bergen, seier **Even Våtevik** frå Sogndal til kanalen. Han har fått fleire hundre kommentarar etter at han la eit innlegg om saka på Facebook-sida til NRK Vestland og nærmare tusen har likt innlegget.

Våtevik er uføretrygda og meiner tapet av lokale NRK-nyheiter er ekstra ille sidan andre lokale nyheiter ofte ligg bak betalingsmur.

**Vegar Sårheim** frå Gloppen saknar også lokale nyheiter. Han oppmodar NRK Vestland til å vurderer tekniske løysingar som gjer at folk kan få opp nyheiter frå eit meir avgrensa område.

Leiinga i NRK Vestland seier dei var førebudde på at det ville koma reaksjonar, men meiner det er for tidleg å gje opp.

–Vi skal lytta til tilbakemeldingane, men vi må tru på prosjektet sjølve også. Vi håpar folk vil gje oss tid før dei konkluderer, seier distriktsredaktør i NRK Vestland, **Dyveke Buanes**. (NPK)



Mest populær: NRK.  
Her ved Selda Ekiz og Ole Rolfsrud.  
Foto: Nordisk Film TV/NRK

## NRK vann kampen om TV-sjåarane i 2019

Fjernsynskanalane til NRK voks mest i Noreg i 2019. Samtidig held nedgangen fram i fjernsynssjåinga.

Nordmenn mellom 10 og 79 år såg i snitt 117 minutt fjernsyn kvar dag i 2019. Det er ein nedgang på åtte prosent frå 2018, skriv Kampanje.

Fjernsynskanalane til NRK vart fjorårets vekstvinnar av dei fire store kanalhusa på den norske marknaden. 39,5 prosent av alle minutta som vart sett på lineært fjernsyn i fjor, vart sett på kanalane til NRK. Det er ein vekst på 1,6 prosentpoeng frå året før. NRK1 veks aller mest, frå 30,6 til 32 prosent.

Discovery-gruppa, som mellom anna driv TVNorge, FEM, MAX, VOX og Eurosport, er den som taper mest. Gruppa går ned to prosentpoeng frå 2018 til 16,1 prosent. Nedgangen var venta etter at kanalane i gruppa trekte mange sjåarar då dei viste vinter-OL i 2018.

TV 2-kanalane fekk ein samla sjåardel på 28 prosent i 2019, ein vekst på 0,6 prosentpoeng.

Nordic Entertainment Group, som mellom anna har TV3, TV6 og Viasat 4, hadde 7,6 prosent av all fjernsynssjåing i fjor. Det er ein auke på 0,1 prosentpoeng. (NPK)



## YouTube og Snapchat mest populære blant norske barn

Nesten alle norske barn og unge i alderen 9–18 år bruker YouTube (95 prosent), medan 80 prosent er Snapchat-brukarar, viser ei kartlegging frå Medietilsynet. 3.395 barn og unge over heile landet har svart på Medietilsynets årlege undersøking «Barn og medier». 97 prosent av dei svarer at dei har eigen mobil. I tillegg til Snapchat og YouTube svarer mange at dei bruker TikTok (65 prosent) og Instagram (65 prosent). Omtrent halvparten bruker Facebook. “Delen som bruker Snapchat, aukar mykje med alderen til barna – frå 29 prosent av 9–10-åringane til 71 prosent av 11–12-åringane og godt over 90 prosent av 13–18-åringane,” skriv tilsynet i gjennomgangen av tala. (NPK)

## GEBYR FOR POLITISK REKLAME

Den lokale TV-kanalen **TVVest** i Rogaland får eit gebyr på 10.000 kroner av Medietilsynet for å ha sendt reklame for politiske parti under valkampen i haust.

– Politisk TV-reklame er forbode etter norsk lov, og Medietilsynet må derfor reagere på lovbrøtet, seier avdelingsdirektør Hanne Sekkelsten i Medietilsynet.

Den lokale TV-kanalen sende i haust reklame for Framstegspartiet og Sosialliberalt Parti før kommune- og fylkestingsvalet. (NPK)

## Høyrer mindre på radio

Radiolyttinga har gått kraftig ned det siste året. Ifølgje ferske målingar er det NRK som har tapt flest lyttarar. PPM-tala frå Nielsen Media Research viser 10 prosent nedgang i den totale radiolyttinga frå veke 2 i fjor til same veke i år, ifølgje Radionytt. NRK har opplevd det største tapet av lyttarar, frå 47,6 prosent i dagleg oppslutning i veke 2 i fjor, mot 41,2 prosent i år. Kanalen NRK P1 har gått frå 31,1 til 25,3 prosent på eitt år – ein nedgang på 20 prosent. P4-gruppa og Bauer Media har òg mista lyttarar, høvesvis 2,9 og 2,2 prosent. (NPK)

## Vindturbinar kuttar TV-signalet til bygdefolket

Folk i Berle i Bremanger får ikkje sett på fjernsyn. Årsaka er vindturbinane i den nye vindparken på Hennøyfjellet i Nordfjord.

– Eg er interessert i sport og skirenn, men det er ikkje mogleg for meg å sjå slik forholda er. Eg betaler for ei vare eg ikkje får levert. Det er fryketeleg irriterande, seier **Isak Berle** til NRK.

Vindparken starta drifta i desember, og forstyringane på TV-sendingane byrja samtidig. Etter kvart vart det klart for bygdefolket kva som var årsaka. NVE vil ikkje lova å stengja ned turbinane, og kan heller ikkje lova snarleg betring. (NPK)

# Ambassadøren

**RONNY  
BREDE AASE**  
Vinnar av Kring-  
kastingsprisen 2019

– Om nynorsken skal overleva, må han finnast andre stader enn i lærebøker og han må bli formidla av andre enn lærarar som ikkje har lyst å læra vekk nynorsk, meiner Ronny Brede Aase, vinnar av Kringkastingsprisen 2019.

**D**et vart akkurat ti år. Ronny Brede Aase starta i P3 Morgen i 2009 og rett før jøl i fjor sa han, Silje Nordnes og Markus Neby takk for seg. Han innrømmer at han kjenner på abstinensane.

– Det er sjølvstas å kunna sova sju-åtte timar om natta, men det kjennest litt som ein lang ferie. P3 Morgen har betydd så utruleg mykje for meg, det har vore ein heilt sentral del av livet mitt. Heldigvis har eg gått nokolunde rett inn i ein annan hektisk jobb som programleiar i Melodi Grand Prix, seier Aase.

Det er nok ikkje berre han som har kjent på abstinensane. Han har vore fylgjesveinen til veldig mange som desperat prøver å koma seg opp av senga om morgonane. Programmet har fått mange prisar og utmerkingar, og det skriv seg i alle fall delvis frå denne intimiteten. Programleiarane har aldri vore redde for å syna seg fram.

– Dette var eit mantra som eg lærte av Live Nelvik: ein lyg ikkje i P3 Morgen. Er ein trøyt, så seier ein i frå om at ein er trøyt. Lyttarane skal vite at me snakkar sant. Men dette handlar også om at me som er i studio stoler på kvarandre. Me bygde opp eit rom der me kunne seia ting me meinte, og vita at det vart møtt med respekt av dei andre.

Då var det også lettare å snakka om dei litt tyngre tinga, seier Aase.

## EINVEGSKOMMUNIKASJON

Sjølv om han insisterer på at dei hadde verdas beste lyttarar, så var ikkje alltid dei hugsa på at radio er einvegskommunikasjon.

– Det er fantastisk å møta lyttarane eller sjåarar, men stundom blir det litt skeivt. Eg kan presentera meg, seia «Hei, eg heiter Ronny». Då kan folk finna på å seia «Ja, eg veit jo det», og ikkje seia kva dei sjølv heiter.

– *Er det skummelt at dei veit så mykje om deg?*

– Dei veit jo ikkje alt. Sidan me var såpass ærlege i programmet, så er det jo ikkje noko problem. Folk veit at det er mykje mat som eg ikkje er så glad i, og det stemmer jo. Det er jo verre med dei som spelar roller. Det slepp eg. Folk forventar ikkje noko anna enn den eg er.

– *Korleis er det å vera på NRK 1 og Melodi Grand Prix? Tek du med deg erfaringane frå P3 Morgen?*

– Noko. Eg har det veldig moro, og særleg saman med dei andre programleiarane. Det håpar eg smitter over på dei som ser på. Men dette er ein heilt annan og utruleg mykje større produksjon. Det er mindre slark, meir manus og mindre ting eg kan kontrollera. Men





Feiring i studio: (f.v.) Markus Neby, Kjartan Helleve, RonnyBrede Aase, Kathrin Nygård og Silje Nordnes. Foto: Jonas Jeremiassen Tomter/NRK



det er utruleg kjekt å vera med på å kunna laga eit program som heile familien kan samlast rundt. Og så langt har eg ikkje fått klagar. Eller, det veit eg jo ikkje, eg har ikkje spurt etter dei.

– *Fekk du klagar i P3?*

– Nei, for me hadde verdas beste lyttarar. Og dette er ikkje berre noko eg seier. Det beste dømet er då me i 2012 laga 80 timar samanhengande radio til inntekt for Amnesty som ein del av TV-aksjonen. Det var menneskerettar generelt som stod på dagsorden, men me konsentrerte oss om rettane til homofile, lesbiske bifile og transpersonar. Sendingane våre gjekk veldig bra, og det kom ikkje inn ein einaste negativ kommentar. Ingenting. Alt var berre kjærleik. Så er me innom NRK1 på sundag kveld, i tre små minutt for å summere opp aksjonen vår. Og då smell det inn ein drapstrussel mot Niklas av di han er homofil. Så eg veit at NRK 1 når mykje breiare ut, seier Aase.

## BERRE NYNORSK

Før jol var det prisutdeling på direkten. Kringkastingsringen sneik seg inn i ei direkte-sending og gav blomar og bilete. Aase visste om at han skulle få pris, men ikkje at det skulle henda der og då. Han innrømmer at han vart teken litt på senga. Det var ikkje rare

takketalen han klarte å få fram. I etterkant har han tenkt litt på det, og kome fram til at det han sa i 2009, då han fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar, ikkje var så dumt.

– Eg fekk moglegvis den prisen litt tidleg i karrieren, men eg hadde eit godt poeng i takktalen: om nynorsken skal overleva, må han finnast andre stader enn i lærebøker og han må bli formidla av andre enn lærarar som ikkje har lyst å læra vekk nynorsk. Han må finnast der han treffer folk. Og der har eg gjort litt. Eg har fått boltra meg med dialekten min, og alt eg har skrive i NRK, har vore på nynorsk. Alt på Instagram, Facebook, sosiale media, nettsida, alle innhaldselement - og eg har ikkje fått ein einaste negativ kommentar.

– *Men kva...?*

– Vent litt. Eg kler meg i mitt språk, eg er stolt av det og gjer det på ein moderne måte. Kan henda treng ein ikkje alltid nytta ordet korkje, sjølv om eg elsker det ordet. Dialektmangfaldet må speglast i media. Heile landet må vera representert, det er utruleg viktig. Det handlar om identitet, om stoltheit og tradisjon. Eg blir så lei meg når folk på min alder har flytta til Oslo og føler at dei måtte gje opp dialekten sin. Når folk vel å gje opp dialekten sin, har ikkje media gjort jobben sin.

– *Ok. Men...?*





## RONNY BREDE AASE

Frå Førde, fødd 1986.  
Journalist, og særleg kjend  
som programleiar i P3  
Morgon.

Har fått ei rad utmerkingar,  
m.a. Kulturdepartementet sin  
nynorskpris for journalistar  
(2009) og Årets programleiar  
fleire gonger.

– Men eg kjenner me er på veg no, Når ein skur på radioen no, så er det det alltid ein dialekt, så det har blitt mykje betre. NRK har eit særleg ansvar her. No greidde me jo nynorskkravet i fjor, og det er så bra! Ingvild Bryn og Thor Gjermund Eriksen har snakka om det å vekkja dei som har lagt vekk språket sitt. Eg trur det er veldig viktig.

### BEST MED DIALEKT

– *Fint. Kva skal du...?*

– Eg blir jo kjemperørt når det er nynorsk i VG, det skal ikkje vera så vanskeleg. Då eg vaks opp, var det berre i NRK Sogn og Fjordane ein kunne høyra folk som snakka min dialekt. Ja, det var nynorsk i Dagsrevyen, men det var slik nazinynorsk, slik som lærarane ville ha det. Nynorsk var kanskje litt for lenge den strenge tanta.

– *Du har gjennom fleire...*

– Høyr. Det var ikkje kult å bry seg om språk då eg vaks opp, men eg var så veldig stolt. Det er litt slik med fylkessamanslånga no. Kommunesamanslånga var bra, men fylkessamanslånga har vore vanskeleg. På eit tidspunkt rundt vidaregåande, så vart det å koma frå Sogn og Fjordane og det å skriva nynorsk utruleg viktig. Slik var det også for andre i min krets. Eg er veldig glad for at me var ein gjeng som hadde det slik. Ein kunne

sikkert ha bikka under. Eg har vener som er i heilt andre miljø og heilt andre bransjar. Eg skjønner jo at når du kvar dag blir møtt med «Kva sa du?», så blir det fort å leggja om for å gjera seg forstått. Ein kompis jobbar ein stad der beskjedar må leverast raskt. Om språket er til hinder for at det skal kunna skje, så bryt jo det ned dialekten på sikt.

– *Eg må nesten avbryta deg, for...*

– Eg er utruleg takknemleg for at eg arbeider ein stad der dialekten tvert om har blitt sett pris på. For at kompien min skal kunne gjera jobben på dialekt i framtida, så må media vera med å syna fram eit mangfald frå heile landet. Og orsak, men eg meiner altså at eit rikt dialektmangfald er viktigare enn den korrekt skrivne nynorsken. Var det ikkje fantastisk då Ingerid Stenvold byrja å bruka dialekten sin i Dagsrevyen? Eg tykkjer det er så utruleg viktig at me som mediehus speglar heile landet. Me skal ha ein nynorskprosent, og eg blir kjempeglad kvar gong eg ser ein nynorskartikkel på NRK.no. Men eg meiner at i det talte, i TV og i radio, der må ein kunne bruka det språket ein har vakse opp med.

– *Ferdig?*

– Og eg vil halda fram med å seia at eg kjem frå Sogn og Fjordane.

**KJARTAN HELLEVE**

# Den magiske grensa passert!

For første gong nokosinne har NRK greidd kravet om 25 % nynorsk i sendingane sine!

## FAKTA:

Kravet om 25 % nynorsk i NRK vart først vedteke som ein merknad til innstillinga frå Vogt-komiteen i 1970. Ordlyden var: «hovedregelen må være å gi nynorsken en plass som i det minste svarer til en fjerdedel av ordsendingene.»

NRK- plakaten definerer krava staten set til NRK, og set rāmene for verksemda. Han vart vedteken i 2007 og revidert i 2014 og 2017. § 19 lyder «NRKs tilbud skal i hovedsak ha norskspråklig innhold, og minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.»

I 2007 vedtok NRK nye språkreglar som opna for meir bruk av dialekt. I programinformasjon og nyhendesendingar skal ein normalt sett nytta «offisielt nynorsk og bokmål». Tale som blir rekna som dialekt, blir samla i ein pott og fordelt likt mellom bokmål og nynorsk.

2019 vart det fyrste året der NRK greidde målet om 25 % nynorsk.

**D**ette er utruleg viktig. Eg tykkjer faktisk det er litt flautt at me ikkje har fått det til før, sa kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen til NRK.no.

– Det har betydd mykje at Ingvild Bryn og Språkstyret har vore så oppmuntrande og skapt sjølvtrillit hos medarbeidarane, slik at mange er blitt tryggare på å bruka nynorsk, seier Eriksen.

Ingvild Bryn sjølv vil heller retta ljuset mot kringkastingssjefen. Ho meiner at det er få om nokon kringkastingssjef som har teke dette arbeidet som han. I 2018 stod han på scena under Nynorskkonferansen i Førde og sa at 2019 var året då NRK skulle greia kravet.

– Saman gav dette ei heilt anna tyngd til språkarbeidet, fortel Bryn.

– Då kunne ein berre syna til at dette var noko sjefen hadde sagt. Det gav også ei heilt anna forståing nedover i redaksjonane om at dette var eit viktig arbeid. Det avgjerande var å få opp nynorskprosenten på nett. Me arbeidde med å få journalistar til å børsta støv av nynorskkunnskapen sin, me køyrde kursa våre, og mot slutten av året vart også nynorskroboten nytta. Men det har først og fremst blitt gjort eit løft i distriktskontora på Vest-



Fungerande språksjef Ingvild Bryn, kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen og vikarierende kringkastingssjef Vibeke Fürst Haugen gler seg over at NRK har klart nynorskkravet. (Foto: Øyvind Werner Øfsti / NRK)

landet, der det vart gjort målretta arbeid for å få opp prosenten. Mot slutten av året gjekk det sport i det, og det vart utlova ein premie til den redaksjonen som gjorde det best. Og det fungerte tydelegvis. Det ville vore for ille å enda på 24, 99 %, seier ho.

#### –GRATULERER!

– Me vil gratulera alle journalistar, redaktørar, programsekretærar, språksjefar og kringkastingssjefar med innsats. Godt jobba!, seier Kathrine Nygård, leiar i Kringkastingringen.

– I mange år opplevde me at NRK tok for lett på dette kravet og nynorsken stod litt på staden kvil, men med små opp- og nedturar. Dei siste åra har me sett ein langt større innsats, og det er no me får dei hyggelege resultat som me har venta på så lenge. Innsatsen såg ein moglegvis først i løftet som kom i NRK Super for seks-sju år sidan. Sidan har det også betra seg i dei andre kanalane. Grunnen til at ein no greidde å bikka det magiske talet, var tydelege

signal frå kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen gjennom heile året om at dette var viktig. Det gav resultat, meiner Nygård.

Ho ser at det er råd å diskutera korleis ein måler nynorsk. Å dela dialektbruken i to er ein romsleg måte å måla språkbruk på. Ho meiner likevel at tala syner språkmangfaldet i NRK, og at å ha eit konkret tal å strekkja seg etter har vore viktig.

– Om ein ikkje hadde sett seg eit konkret mål, hadde truleg nynorskprosenten vore mykje lågare. Då vedtaket om 25 prosent kom i 1970, var prosenten på om lag berre halvparten. Difor har 25 vore eit slags magisk tal for oss i målrørsla. Eg er overtydd om at arbeidet til både Kringkastingringen og resten av målrørsla har vore heilt avgjerande for å halda denne saka varm, tiår etter tiår. Eg skulle gjerne teke æra for at ein endeleg har fått fullt gjennomslag, men eg trur at siste lodd på vekta kom då NRK forstod alvoret i at språket også er ein stor del av samfunnsoppdraget dei har, seier Nygård.





Tala syner kor mykje nynorsk det var i sendingane i NRK fordelt på kanal. Totalt var det 25,2 % nynorsk i NRK i fjor. (Illustrasjon: NRK)

## BLANDA REAKSJONAR

Nestleiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, meiner det var på høg tid at NRK klarte å oppfylle kravet dei har hatt over seg i 50 år.

– Dette er ein historisk dag og veldig viktig. Dette handlar om at nordmenn skal få møta meir nynorsk i kvardagen. Me blir overfløynde av bokmål i kvardagen. Då er det viktig å visa at nynorsk er eit minst like godt pressemål, sa Hauge til statskanalen.

Direktør i Nynorsk kultursentrum Per Magnus Finnanger Sandsmark meinte derimot at det enno var ein veg å gå.

– Det avgjerande for nynorskbrukarane er kor mykje skriftleg nynorsk som blir publisert på NRK.no, sa Sandsmark i pressemelding då tala var klare.

– Der har dei framleis langt igjen, med under 20 prosent nynorsk innhald, seier direktør i Nynorsk kultursentrum Per Magnus F. Sandsmark. Nynorskbrukarane har få sjansar til å sjå språket sitt i bruk i riksmidia. Med unntak av Dag og Tid, ein del av tekstinga i VG TV og noko nynorsk i nisjeavisene Klassekampen, Na-

tionen, Vårt Land og Dagen, får ikkje dei om lag 500 000–600 000 nynorskbrukarane sjå språket sitt i riksmidia, hevda han.

## MÅ STÅ PÅ

Ingvild Bryn gjev Sandsmark mykje rett i kritikken.

– Eg er heilt samd i at 18,1 % prosent på nett ikkje er godt nok. Og personleg meiner eg at det viktigaste er at ein kan lesa språket sitt, og aller viktigast er dette for dei unge. Men det er ein oppgang, det går rette vegen. Så me må ikkje kvila på laurbæra, men halda fram med same kraft også frametter. Dette er noko kringkastings-sjefen også har understreka. Men det er sårbart. Det skal ikkje meir til enn at ein nynorsk-skrivande i nettredaksjonen skal ut i permisjon før ein ser prosenten går ned. Så det viktigaste tiltaket er å tenkja på dette når ein tilset nye folk, seier Bryn.

**KJARTAN HELLEVE**

## Krav om lydteksting i NRK på bokmål og nynorsk, uttalt på måtar som representerer dei regionale dialektområda

Nyleg har eg fenge med meg at NRK sender program med lydteksting. Sjølv har eg høyrte lydtekstinga automatisert i NRKs nyhende-sendingar i radioen, men etter det eg skjønar, kan ein slå på lydteksting i alle NRK-program som inneheld lydteksting. Lydteksting går ut på å omsetja munnlege utsegner frå eitt talemål til eit anna, på den måten at ein høyrer båe utsegnene samstundes, men slik at den lydtekstande utsegna er sterkare og meir framheva enn den utsegna som vert omsett.

Det er ikkje lydtekstinga i seg sjølv eg reagerer på (endå om ein burde kunna slå av lydtekstinga om ein sjølv ikkje har bruk for henne). Eg reagerer på at lydtekstinga i NRK – etter det eg har oppfatta – berre går føre seg på bokmål, og dessutan alltid med ein uttale som vel liknar ein robotisert Oslo vest-sosiolekt. Dette er ikkje i tråd med at NRK skal spegla heile landet og føra seg munnleg på bokmål, nynorsk og dialekt.

Blinde og dyslektikarar er viktige målgrupper for lydtekstinga. Dei personane som lydtekstinga er særleg mynta på, bur vel all stad i landet, til liks med dei personane som ikkje høyrer til målgruppene for lydtekstinga? Bør ikkje NRK då gå ut frå at til

dømes blinde personar meir eller mindre er like mykje til dialektbrukarar, bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar som sjåande personar er det?

At lydtekstinga går føre seg på bokmål og nynorsk, og at bokmålet og nynorsken vert uttalt på måtar som er representative for dei regionale dialektområda, meiner eg er ein føresetnad for det oppdraget NRK har. Er det naudsynt å få til, vert det au mogeleg å få til.

Ein trønder er sjølvsagt ikkje for alle trønderar det same som kva som helst trønder, men om bokmålet og nynorsken i lydtekstinga av og til har Steinkjer-aksent, kan det henda at det er å rekna som representativt for trøndsk.

NRK bør dessutan ha eit system for å sikra at bokmålet, nynorsken og dei regionale dialektområda vert nytta i lydteksting på måtar som ikkje favoriserer visse av dei språklege uttrykka det er tale om her. Kan ein med kunstig intelligens syta for ei jamn språkleg fordeling i lydtekstinga, alt etter dei føresetnadene NRK legg til grunn?

**Erlend Bakke**

## – Tar på meg Vestlands-hatten

Dyveke Buanes er redaktør for nye NRK. Ho har stor tru på at samanslåinga kan betre journalistikken og vere med på å skape ein felles identitet i det nye fylket.

– Eg er både stolt og audmjuk og tenker no at alle dei flinke folka i NRK Sogn og Fjordane og NRK Hordaland skal bli til superlaget NRK Vestland. Det er nokre veldig gode moglegheiter i samanslåinga, så om vi spelar korta våre riktig, kan det bli kjempebra, seier Dyveke Buanes til Nynorsk pressekontor.

Sidan 2017 har ho vore redaktør for NRK Hordaland, men då dei slo seg saman med NRK Sogn og Fjordane frå 1. januar og blei til NRK Vestland, vart ho redaktør for heile det nye Vestlands-kontoret. Redaksjonane blir verande i Førde og Bergen, men med tettare journalistisk samarbeid og felles redaktør.

– Eg tar av meg Bergens-hatten og tar på meg Vestlands-hatten, seier Buanes om den nye rolla, og er veldig bevisst på at dei no skal dekke eitt felles fylke der alle delane av fylket er like viktige.

### LANG TRADISJON MED SAMARBEID

Dei to kontora har allereie ein lang tradisjon med ein felles Vestlandsrevy på TV. Frå nyttår held dei to kontora fram med eigne radiosendingar, men med meir samarbeid og fleire samsendingar når det er journalistisk relevant. På nett får dei ein ny, felles front.

– Vi har kjempeflinke reporterar og folk i både Hordaland og Sogn og Fjordane. Målet er ein felles reporterpool, der ein kan bygge



sterkare fagkompetanse. Vi såg det allereie i haust ved valet, der Erlend Blaalid Oldeide i Førde gjorde ein fantastisk jobb med å spørje ut dei folkevalde i fylket, men etter å ha utveksla kunnskap med Sølve Rydland i Hordaland, seier Buanes.

Ho ønsker eit samarbeid der journalistane finn kvarandre fagleg, snakkar saman og spelar kvarandre gode.

– Saker i heile Vestland kjem til å bli meir relevante for alle i heile fylket, og vi er einaste mediehuset som dekker heile nye Vestland. Om det er ein vidaregåande skule i Etne som skal få meir økonomisk støtte, blir det òg relevant for Måløy eller andre delar av fylket fordi dei deler same budsjett, seier Buanes.

### ARBEID MED Å BLI KJENT

– *Kva blir den største utfordringa med ei samanslåing?*





Dyveke Buanes er den første redaktøren for NRK Vestland, etter at NRK Hordaland og NRK Sogn og Fjordane blei slegne saman frå januar.  
(Foto:Tale Hauso / NRK)

– Det er sjølvsagt arbeid som skal gjerast med å bli kjent. Vi må bruke tid. Lokalkontora i både Sogndal, Nordfjordeid, Stord og Odda blir også veldig viktige framover. Vi skal få til fagnettverk mellom dei og at dei kan få støtte i kvarandre, seier Buanes.

### HAR TRUA PÅ NYNORSKEN

Målrørsla har ytra bekymring for den samla delen nynorsk i NRK når Sogn og Fjordane som nesten berre skriv nynorsk, blir slått saman med bergenskontoret. Buanes deler ikkje bekymringa for at det blir mindre nynorsk totalt, og strekar under at det er noko dei jobbar godt med i Hordaland.

I haust fekk hordalandskontoret den mindre kjente utmerkinga «Smågodtposen» av konstituert språksjef i NRK, Ingvild Bryn.

– Posen er ein haug med smågodt fordi vi har klart å ta eit krafttak for å få opp nynorsk-

prosenten. Det er teikn på at vi tar det på høgaste alvor, seier Buanes.

– Vi har eit veldig bevisst forhold til nynorsk i Hordaland, det er viktig for oss. Hordaland er distriktskontoret som leverer flest saker til NRK-fronten, og da meiner vi at vi er med å auke den totale prosenten i NRK.

Men ho trur det ville vore unaturleg dersom heile bergenskontoret skulle skrive nynorsk.

– Eg sit i bokmålsbyen Bergen og kan ikkje love at vi får 100 prosent nynorsk. Men vi har eit fokus på at det er veldig viktig.

### – VESTLAND KLING BRA

Buanes trur ikkje ho blir nokon autoritær sjef.

– Eg trur eg er ein lydhøyr sjef. Eg vil at vi skal få til noko, og skjønner at det ikkje kjem av seg sjølv, men at utviklinga og tilliten kjem over tid.

Ho medgir at prosessen med å slå saman kontora har vore både mentalt krevjande og kravd mykje arbeid. No har prosjektet modna for dei.

– Eg synest NRK Vestland kling bra, og eg trur vi på sikt vil få bygd opp ei fellesskapskjensle rundt at vi er eitt Vestland. No gler eg meg til å setje ut i livet det vi har snakka om, og ivrar etter å vise kva vi skal få til saman, seier sjefen for NRK Vestland. (NPK)

## Heider i kvardagen

På årsmøtet i fjor kom det framlegg om å dele ut ein kopp til journalistar som fortener ein liten kveik i kvardagen. Tanken er at me skal dele ut ein slik kopp med tilhøyrande diplom éin gong i månaden. I vinter er det to journalistar som har fått denne merksemda.

I januar kom det inn ei oppmoding til VG. Ein lesar ville at journalist **Stig Øystein Schmidt** (øyst) skulle slutte med å skrive nynorsk. Han tok meldinga på alvor og svara: "IVG er det lov å skrive nynorsk, og sidan det er hovudmålet mitt, kjem eg ikkje til å slutte med det!" Slik set me pris på! Difor gjekk januar-koppen med tilhøyrande diplom til Schmidt.

Også **Vidar Eidhammer** har fått kopp. Som journalist, programleiar og produsent i NRK Nyheiter har han fremja framifrå bruk av nynorsk i eteren. Ikkje minst som ei tydeleg røyst i Dagsnytt. Skjeggveksten er heller ikkje utan kvalitet!

RED.



# Det hende i Taremareby

REPRISE



«Nynorsk» fjernsyn er for meg fyrst og fremst «Vestavind» og «Flukta frå Dyreskogen», men på lista mi kjem òg «Med hjartet på rette staden» – eller «Heartbeat», som serien eigentleg heiter – høgt opp. Ja, serien er britisk, lagt til Yorkshire-området, og dei snakkar ikkje akkurat norsk der, men likevel er han litt nynorsk for meg. Sjå berre på tittelen! «Med hjartet på rette stedet» høyrer meir ut som noko søtt kliss av ein såpeopera eller ein medisinsk dokumentar heller enn den meir kvardagslege og hjartevarme serien «Med hjartet på rette staden» faktisk er. Ein kan vel kanskje diskutera kor kvardagsleg serien eigentleg er, med tanke på kor høg aktiviteten er på både politistasjonen og sjukehuset i Aidsensfield.

Serien blei fyrst vist på NRK 17. januar 1997. Då var eg nesten 14 år gamal. Eg burde vel kanskje ha hatt betre ting å gjera på fredagskveldane enn å sitja heime med familien og følgja med på kva som gjekk føre seg av stort og (mest) smått i Aidsensfield, men eg var openbert ikkje den einaste. Då me i 10. klasse var på skuletur til Yorkshire, var noko av det me blei mest opprømte av, at me hadde køyrt på den sletta på Yorkshire-heiene der alle biljaktscenene i «Med hjartet på rette staden» hadde blitt spelt inn.

Men det er kanskje akkurat fordi eg såg serien i den alderen at eg tenkjer på han som «nynorsk», for då var eg i motsetnad til i dag nokså avhengig av å følgja med på undertekstene. Og serien er sjølv sagt teksta på nynorsk. Tekstaren Anne Margrethe Standal har til og med vunne pris for tekstinga si av mellom anna denne serien! At serien var teksta på nynorsk, bringa handlinga berre endå nærare på, karakterane kommuniserte til meg på

kjend språk, det blei meir heimsleg.

Etter kvart slutta eg å sjå på serien og fekk meg eit slags sosialt liv i staden, men far min heldt fram med å sjå. Han ser faktisk på enno. Han har ei fast rutine der han står opp, går i floren og så går han inn og et morgonmat medan han ser på «Med hjartet på rette staden». Kvar gong eg er heime på besøk, får eg meir eller mindre frivillig med meg brotstykke av minst éin episode. NRK har sendt serien i reprise heilt sidan 2013. Og sjølv om det er laga heile 18 sesongar og 372 episodar, påstår far min likevel kvar gong at den episoden han sit klistra til, nei, den har han aldri sett før.

Då koronapandemien tok over verda, tok han òg over sendeskjemaet til NRK, med ekstra nyheitssendingar heile dagen. Det var rett og slett ikkje mogleg å ta ei unødvendig fritidsreise til Aidsensfield lenger. Sjølv om far min rett nok sakna det å få klemma barnebarna sine, få besøk av meg eller reisa til Syden, var det fråveret av den daglege visitten til Blaketon, Ventress, Gina og Vernon han klagde mest over.

«Med hjartet på rette staden» er no tilbake på NRK klokka 09.00 kvar kvardag, og far min har endeleg fått tilbake frukostselskapet sitt. Trygge, faste haldepunkt er ekstra viktig å ha i usikre tider. Så sjølv om me ikkje veit kor lenge ting er annleis, eller korleis verda blir post-korona, finn kanskje far min tryggleik i at morgonrutinen no er som vanleg. Og eg finn tryggleik i å veta at når eg kjem heim til foreldra mine, vil eg framleis få sjå at dei har hjartet på rette staden i Aidsensfield.

**KJARTAN HELLEVE**



# INNKALLING ÅRSMØTE 2020



Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Kringkastingsringen.  
11. mars kl 18.00 | Skrivarstova, Lilletorget 1, Oslo

- SAKSLISTE**  
 Årsmelding 2019  
 Rekneskap 2019  
 Budsjett 2020  
 Arbeidplan 2020–2021  
 Val

Sakspapira vert å finne på heimesida [www.kringkastingsringen.no](http://www.kringkastingsringen.no).  
 Me vil også få besøk av **Karoline Riise Kristiansen**, språksjef i NRK:  
 Lett servering. Alle hjarteleg velkomne!

## Løysing kryssord 4-19

Det er rart med det. Ein lagar ei løysing som ein tenkjer skal høva til personen på biletet. Men så vinn Ronny Brede Aase Kringkastingsprisen, og ein får lyst til å byta bilete. Og trur de ikkje løysinga høver betre enn noko-sinne? For du kan verkeleg ikkje ta frå Aase at han har godt humør. Tre av dei som greidd å koma fram til dette, var:

- Reidun Prestbø, Oslo
- Asbjørn Giil, Sørbøvåg
- Oddleiv Hjellum, Førde


Dei kan venta seg ei lita merksemd i posten.  
 Me gratulerer!



# KRYSS-ORD

Send enten heile kryssordet til Kringkastingsringen, Pb. 9161 Grønland, 0134 Oslo eller løysingssetninga til [post@kringkastingsringen.no](mailto:post@kringkastingsringen.no) og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til! Frist: 1.5. 2020.

EINAR SØREIDE




	HOEM- ROMAN		NYNO. KOMM. DYRET			NAB.		EUR. ØY	MØ	PREMIE
	FAKS							MÅLERI		
	SLITEN							SMARTE LENGT		
						NEKTA PREP.				NY NYNO- KOMM.
	PEISANE					LIKE YRKE (BAKV.)		NASKAR		
	PRON.									
	NAKNE					SPANSK ELV FUGL			SKISSE	NAB. (BAKV.)
	FISK									
								UTKAST		
HUS- DYR			RADON SKODDE	PRON. KVIN		NAB. GAV- MILD		MÅTE- HALDEN		
TIDL. K.-PRIS- VINNAR						SPAKE				EIN ÅSULF
STERILT					MEN			NUPPE		HALV- VEGES REDD
HELIUM					RIVNE					
NIKKE				TVERR BILET- HOGG.+		HOPP				OM- RÅDET
HAR			SLURV TYNT STOFF				AS. ELV HOGGE			PLOSS- ERTE
FESTAR						BREV- SKRIVAR PAPIRET				
NAB.										
ØSTIE				BAKEN PREST				PERI- ODEN		FASE PREP.
					KR.DEL AV- LANGT			GITTER- VERKET		
NORSK DRAMATIKAR			DEKSEL- ET OPNING				SPRÅK BIL MERKE			
BIB. PERS.		FART FISK					STYRER LIKE			HAUG- EN
				KOMM. BIB. BY				KUTT IDR.ARR.		
UJAMN	URAN								TRO	1000
					PRON.		BRUKT I TANN- FYLING			

Namn, adresse og postnummer:

**RETUR:**

Kringkastingsringen  
Pb. 9161 Grønland  
0134 Oslo



25,2%

KRING-  
KASTINGS-  
RINGEN

KRING-  
KASTINGS-  
RINGEN

